



Byggmester Skare AS
Skare
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3725 - 19/8940

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
15.03.2019

Førebels svar med trong for tilleggsopplýsing - gbnr 175/10 Skår (Seim)

Vi viser til søknad om tilbygg og bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad.

På bakgrunn av vidare sakshandsaming og synfaring på staden er det trong for ytterlegare opplysningar i saka.

Tilkomstveg

Det er krav til tilkomstveg fram til heilårsbustader, og at desse har ei slik kvalitet at også større køyretøy slik som utrykkingskøyretøy kan nytta denne vegen. Desse vegane skal ha ei bredde på minimum 3 meter og ha fast dekke. Vi ber difor om at det vert sendt inn dokumentasjon på at tilkomstvegen stetter desse krava. Samstundes ber vi om dokumentasjon på at eigedomen har privatrettsleg dokumentasjon som sikrar rett til å nytta vegen fram til eigedomen til heilårsbruk.

Vatn- og avlaupshandtering

Det er trong for dokumentasjon på at bustaden har tilstrekkeleg og hygienisk drikkevatt for heilårsbruk. Det går fram av søknad at eigedomen fekk utsleppsløyve i 2014 for minireinseanlegg. Dette gjeld for fritidseigedomar og vi treng difor dokumentasjon på at avlaupsanlegget har tilstrekkeleg kapasitet for heilårsbustad.

Før vi kan handsame søknaden er det difor naudsynt at denne vert supplert med følgjande:

1. Dokumentasjon på at vegstandard stettar krav til heilårsbruk vi syner her til vegbredde på 3 meter og vegdekke.
2. Det er trong for dokumentasjon på at eigedomen har tinglyst, eller anna privatrettsleg avtale om tilkomst over gbnr 175/1 og at denne gjeld for heilårsbustad.
3. Dokumentasjon på at eigedomen har tilstrekkeleg og hygienisk drikkevatt, samt sløkkevatt for heilårsbruk.
4. Dokumentasjon på at eigedomen har avlaupsløysing som tilfredsstillar bruk for heilårsbustad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **12.04.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Even Gausereide	Nesbrekka 8 B	5912	SEIM
-----------------	---------------	------	------

Mottakarar:

Byggmester Skare AS	Skare	5912	SEIM
---------------------	-------	------	------